

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Bjerkreim

Emne: Helsing, fakter og itferd

Bygdelag:

Oppskr. av: Jørgen Skjeveland

Gard:

(adresse): Vikeså

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Anna Skjeveland Heltland f. 1871.

SVAR

Helsing, fakter og itferd.

Når det her vert skrive "før" meiner vi tida 1850-1900. Etter den tida vart mange helse-skikkar brúga. Før den tida kjenner vi lite til.

1. Når ein nikkar med hovudet, ein eller to gonger, tyder det "ja". Det kan òg tyda at ein er samd, - det er godt og rett. Det kan òg vere ei lett helsing. Ristar ein på hovudet 2-3 gonger, tyder det "nei". Risting på hovudet kan òg ha andre meiningar! Dette var felt, - Nei, dette var dårleg. Det kan òg tyda ei itvaring: Må ikkje gjera det!

Høflig avslag (v.d. vil ikkje til bods) vert synt fram med ei sld frå seg med handa.

2. Når kjende heffest, helsar dei på kvarandre. Fremande som heffest no på gangsti eller i utmark, helsar på kvarandre, ikkje på ferdselveg på sentrumglasser og i utmark byane. Før helste dei meir på kvarandre.

4. Når ein kom inn i stova, se ein anten

"gomären", "goddag" eller "gokvell". Når Men
når dei treffest ved kyrkja, tok dei kvar-
andre i handa og sa: "Takk for sist!" Alle
helsa slik på alle kjende vener, så det
vart ei veldig kryss-helsing ved kyrkja.

5. Det var berre for presten dei lyfta på
hatten og då helsa ikkje kvinnene. Dei
heldt seg meir på fråstand der presten
gjekk. Bygdefolka helsa lyfta aldri på
hatten seg i mellom. Det gjer dei ikkje no
heller.

I denne fartens tid, med biling og sykling,
er det mange, helst mannfolka, som helsar
med ei lyfta handa til hodedet. Det er vel
herming eller militær- og speidar-helsing.
Kvinnene nikkar med hodedet, vinkar eller
berre smiler.

Ropar me til ein som er langt borte,
rettar han handa i veret som teikn han
har høyrst og skjona.

7-8 Til høgtid og festa festa helsa dei gjeme
meir høgtidelig på einannan enn om ein til-
feldigvis treffest ein kvar-dag. Slik er det
no og. Ved kyrkja, i brudlaup, likferd, fest
og sterner nevelhelsar ein meir enn elles
om kvardagane. Før var det skikk at
når ein framand hadde fenge mat, for han
over alle i huset, tok dei i handa og sa:
"Takk for maten". No er det berre boma
som vert opplærde til å gjera det.

9. Dei brukar lite klapping på aksla for å
syna venskap eller ta den framande vart
om ryggen og føra han inn.

11. Når ei likferd køyde framom, stod
mennene stilt ved sida med hatten eller hūva

i handa. Denne skikken ser ut til å koma bort. Etter dei hadde fjert kista i grava, stod dei litt med hatten for andletet. No held ein hatten i handa med kista vert fjerd ned i.

12. Ein skikk som visseleg er gamal er at dei lyfta på hatten for den fyrste erla dei såg om varen og helsa henne velkomen.

13. Til kl. 9-10 sa dei "gomaren!", så sa dei "goddag" til det mørkna (om vinteren), om simearen til kl. 19-20. Liden sa dei "gokvell". Dette var ein fast regel.

14-16. Difor vart det sett på som ~~stunt~~ stunt når storfolk (= prest, doktor, byfolk) helsa "gomaren" midt på dagen eller om kvelden. No er ein ikkje så nøye med denne helinga. Men dei fleste bygdefolka held enno på den gamle helsemåten.

17. Helsing med "signe" hev vore lite i bruk i manns minne. I staden for "signe maten" sa dei ei tid "signe spisen" eller "velbekomen" når ein kom inn der folket sat og åt.

18. Ein brukte heller "velsigning" i ymse ynskje og uttrykk. T. d. når fattige fekk litt hjelp: "Nai, Gud velsigna deg" - "Velsigna deg om du var greie." - "Nai men velsigna deg, kva er det du finn på?" - o. s. v.

19. Framande som kom til gårds og vart mottakne ute i garden (tinet), helsa på dei andre når dei kom inn i stova.

21. For banka dei aldri på døra. Dei gjekk berre beint inn. Det var berre noko storfolket gjorde. Og det storfolket gjorde, hørde ikkje for landsfolket. Tok ein etter storfolket, vart han halden for narr. No er skikken

med å banka på døra vorte vanleg skikk.

22. "Kom inn!" ropte dei som sat inne i stova. No seier ein "Versägo!"

23. Når dei så kom inn, vart dei helst ståande ved døra til húsfolka sa: "Du må bara sjå si fi sitja," og laud fram eit sete. No seier ein heller: "Versägo, bara set deg,"

24. Slatten tok dei av seg med same dei kom inn og helsa.

26. Ein var ikkje så høfleg mot tiggerar og fantar.

27-28. Ein dånnde heilt framande mykje etter utsjånad og klede. Heilt framande helsa som vanleg, men fantane helsa gjerne svart høfleg med velsigning og gode ynskjer for å vinna tilhå og venskap. Stålandsfantane helsa gjerne "Godmorn".

29. Når framande busekke seg i grenda, vart dei ^{gjene} helsa med denne fine helsinga: "Velkomne i grannelaia" (=laget)

~~29.~~ Dei sa ikkje velkomen til innbedne gjester. Dei sa heller: "Det var følt jildt at de ville koma".

30. Når dei framande gjekk, sa dei: "Farvel." Og om kvelden: "Gonatt!". Og folka i huset svare likt. Same helsinga vert brukt enno. Dei lo at storfolket som sa "gomorn" då dei gjekk. Adjö er ei ny helsing som kom meir i bruk då folk fekk telefon. Ein seier mykje adjö når telefonsamtalen er slutt. Ells seier sime adjö ved kortare vitjingar. Til born og kvinner seg i mellom helsar sime når dei går att: "Nå-må," med tone t.d: g f. Skal ein

vera lenge borte, seier ein: "Dü får leva så vel." Elles seier mange no i farten når dei går: "Jaja, dü får ha det." (Underforståde ha det godt.) Skal folk skiljast for alltid, seier ein: "Lå får me vona me heffest atke på den gøe staden" - eller noko liknande.

Elles er det skikk at ein stundom vinkar når dei står og ser etter han som går.

32-37. Kyssing, omfamning og kjake mot kjake som helsing er aldri vore i bruk i bygda som me veit om og er det heller ikkje i dag. Slikt verkar usømet og motbydeleg. Heller ikkje vert slengjekyssar kasta. D. e. kasta kyssar til ein med handa.

38. Det kan vera ein kysser små born eller legg kjaken sin inn i barnet som helsing. Men det er meir som ein naturleg hong til å kjaka små born.

39-40. På moro gnir ein nase mot nase til barnet og seier: "Nå ska me byda nos." - "Lå nå he dü fenge mi nos."

41. Ein klyper i barnet i nase og seier: "Nå teg eg nose di." Og så viser ein fram tomestypen sin slik: → →

og seier: "Lå der er hū."

Men dette har vel ikkje noko med helsing å gjera.



44. Dei sa kje så mykje "til tükke" før. No seier ein det ved brudevigsla, fødsel, dåp, overstaden eksamen, ^{og} når ein har fenge ein god stilling. Lå seier: "Gratülera". I denne tida sender ein mykje helsingstelegram til brudlaup og konfirmasjon. Dei lyder slik som: Hjertelig gratulasjon!, Hjertelig til tükke! Gratülera!

Til l kke med dagen! I j letida fl ymer
j lekortu i alle heimar med ynsket:

"Gledelig j l og godt nytt r!"

F r var dei tr ngne til   senda helsing
til kvarandre. N r ein kom heim fr 
kyrkja eller byen bar dei fram ^{han} helsinga:
"Eg treffe ----- og eg sk  helsa s  mygje
til deg og seia at-----." Dei som fekk
helsinga sa aldri takk, men berre spurde
meir etter han som sende helsinga.

45. Ved j letida treftest folka f r ved
kyrkja og d  tok dei kvarandre i handa og
sa: "Gledelig j l og godt nytt r!" Og
p ske sa dei: "Godt p ske!" Ved andre fest-
dagar og h gtidsdagar t.d. br dbr up og
likferd, sa dei ikkje noko sers helsing.

46. No seier s me ved likferd: "Eg
kon t lera". P  nynorsk: "Dj p medkjensla".

47-48. F r var det ikkje korkje tale eller
takking ved ei likb re. Dei song berre
salmar. No er det - gjerne overdrive-
takking og kranselegging til den avledne.
Etter gravlegginga er sl tt, plar ein av
slektingane til den avledne st  ved
grava og takka for "deltagelsen" eller
p  nynorsk "den v rduaden som er synt
den d de".

49. Ymse m tar   syna vanv rmed p :
Ein svara: "P h" - "Vas" - "F ys" - "F sk" - eller aldri
svara, berre sn  seg i fr , bl sa hastig i
naseu, f ya med naseu, hiva p  den eine
aksla. Gamle fortel at n r  rebause kvinner
i gamle dagar ville visa vanv rmed, lyfta
dei opp stakken, og viste fram nakne bak-
enden. Andre gjorde det ikkje fullt s  grovt,

APAT

- dei smidde ryggen til og gav seg sjølvt eit klaps på bakken.

50. For se ein alltid du til alle folk, både til prest og skrivar. Dei visste aldri om at ein skulle seia De til framande. Slik er det helst enno i allfall seier vanlege gardsfolk du til alle. Her er nok enno mange gamle som ikkje kjenner til høflegheitsforma De. For mange virkar De-forma motbydeleg og dei kvir seg for å bruka henne.

51. Difor seier ein heller ikkje "han" og "ho" i staden for "du". Det kan treffa at ein i ruse tilfelle seier "presten" til presten i staden for "du" til han.

- Ein handlet vart stadfesta ved å ta kvarandre i handa.

